

VÅGÅ KOMMUNE
Edvard Storms vei 2
2680 VÅGÅ

Dykkar ref.:	Vår ref.:	Dato:
	Sak/dok.: 12/06058-31	26.02.2020
	Ark.: 326.12	

Opstart av namnesak 2020/73 - Synstlii/Synstlie/Synslie mfl. i Vågå kommune

I samband med adressering i Vågå melde kommunen inn ei rekkje adressenamn til Kartverket, jf. brev datert 20.12.2018. Kartverket klaga på nokre av namna som fekk ein skrivemåte som ikkje var i samsvar med primærnamnet, eller ikkje var i tråd med dei andre føresegnene i stadnamnlova eller forskrifta, jf. brev datert 21.01.2019.

Etter klagen mottok Kartverket i brev av 03.12.2019 nytt vedtak på eitt av adressenamna. Men sidan kommunen held oppe vedtaket for dei fleste namna som vart påklaga, reiser Kartverket namnesak for stadnamna *Synstlii*, *Rindhovda*, *Stokkstad*, *Søre* og *Nørdre Holungssætrin*, *Grjothovda*, *Riddarspranget* og *Jønndalen* for å få ei avklaring av rett skrivemåte for offentleg bruk.

Kartverket fekk om lag samstundes, dvs. 23.01.2019, eit brev frå Språkrådet, som i samband med adressering tek opp namnesak for namna *Øyen/Øyom* (bruk 9/3), *Øyasand*, *Vellesætri* og *Valdesæterbekken* i Vågå kommune. Saka vert teken opp for å få avklart rett skrivemåte for offentleg bruk. Både desse sakene vert tekne med i dette brevet. Kartverket nyttar samstundes høvet til å ta nokre fleire namn med i saka for å få formalisering eller avklaring av skrivemåten i offentleg bruk.

Kartverket sender med dette saka på lokal høyring i kommunen, jf. § 8 i lov om stadnamn. I tillegg til primærnamna tek me avleidde namn med i saka, jf. § 8 siste ledd i forskrift om stadnamn.

Det går fram av den vedlagde lista kva for namn som er med i saka.

For fleire opplysningar om namna, sjå innsynsløysinga vår for SSR: www.norgeskart.no/ssr/. Somme bruksnamn står berre i matrikkelen og kan søkjast opp i <https://seeiendom.kartverket.no> (søk på: gnr./bnr., namnet på kommunen).

Lokal høyring

Kartverket har vedtaksrett for skrivemåten av nedervde gards- og bruksnamn, seternamn, naturnamn og namn på statlege anlegg. Før det vert gjort vedtak, har kommunen rett til å uttala seg. Eigargar og festarar har rett til å uttala seg om gardsnamn og bruksnamn, og lokale organisasjonar har rett til å uttala seg om skrivemåten av namn som dei har særleg tilknytning

til. **Saker som gjeld bruksnamn skal eigarane få tilsende direkte frå kommunen.** Det går fram av den vedlagde lista kva for nokre bruk dette gjeld.

Etter lova skal skrivemåten fastsetjast med utgangspunkt i den nedervde, lokale uttalen av namnet. Difor bed me om at alle som uttalar seg, opplyser kva som er den lokale dialektuttalen. Dersom namnet vert uttalt på ulike måtar, bed me om å få opplyst dei forskjellige uttaleformene.

Bruksnamn

Etter lov om stadnamn har grunneigaren rett til å fastsetja skrivemåten av namnet på eige bruk dersom han kan dokumentera at skrivemåten har vore i offentleg bruk som bruksnamn (på offentleg kart, på skilt, i matrikkelen, skøyte e.l.), jf. § 5 tredje ledd i lov om stadnamn. Det er Kartverket som formelt vedtek skrivemåten, men dersom grunneigaren ynskjer ein annan skrivemåte enn den Kartverket vedtek, kan han senda krav om det til Kartverket og leggja ved tilstrekkeleg dokumentasjon.

Normeringsprinsipp og saksgang

Etter § 4 stadnamnlova er hovudregelen å ta utgangspunkt i den nedervde, lokale uttalen og fylgja gjeldande rettskrivingsprinsipp ved normering av stadnamn. Skrivemåten skal vera praktisk og ikkje skyggja for meiningsinnhaldet i namnet. I *utfyllande reglar om skrivemåten av norske stadnamn* er det meir detaljerte føresegner om korleis stadnamn skal normerast.

Skrivemåten i primærfunksjonen vil normalt vera rettleiande for skrivemåten av det same namnet i andre funksjonar, t.d. for adressenamn som er like eller avleidde av namnet, jf. § 4 tredje ledd. Kommunen må difor setja på vent ev. pågåande saker om adressenamn og adressetilleggsnamn, der dei same namna inngår, fram til det er gjort vedtak på skrivemåten av primærnamna. Kommunen må ta omsyn til den vedtekne skrivemåten av primærnamnet når dei skal gjera vedtak.

Kommunen har ansvaret for å kunngjera at namnesaka er reist, t.d. ved notis i lokalavis og på nettsidene sine. Kommunen har òg ansvaret for å innhenta og samordna dei lokale høyringssvara. Dei skal sendast til *Språkrådet, Postboks 1573 Vika, 0118 Oslo* (*post@sprakradet.no*), med kopi til Kartverket. Stadnamntenesta vil så gje endeleg tilråding til Kartverket. Ordinær høyringsfrist for kommunen er to månader frå kommunen får dette brevet.

Venleg helsing

Linn Winnæss-Karlsen
sakshandsamar stadnamn

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent i samsvar med interne rutinar.

Kopi SPRÅKRÅDET
 DOVRE KOMMUNE
 SEL KOMMUNE
 Statistisk Sentralbyrå avd Oslo